



Notat

Dato: 19.01.2015
Arkivsak: 2014/24671-3
Saksbehandlar: gunradd

Til: Liv Sundheim

Frå: Gunhild Raddum

Ber om innspel oppstart reguleringsplan Smelteverkstomta, Odda

Skyss har ved fleire høve påpekt eit behov for å flytta busstasjonen frå dagens plassering på kaia til meir sentrumsnære strøk, slik som t.d. smelteverkstomta. Ei ny plassering ved smelteverkstomta vil vere betre med tanke på dagens val av trasé og rutestruktur. Vidare vil fordelane med ein busstasjon på smelteverkstomta forsterka seg når ny vegtrasè på Rv-13 frå nord vert ferdigstilt.

Arealet som skal nyttast må regulerast med oppstillingsplassar for minimum 4 bussar, helst 5. Dette bør vere utforma som sakseoppstilling eller lamelloppstilling. Detaljane kan ein kome tilbake til når ein ser størrelse og utforming av tiltenkt areal. Det er derfor å anbefale at HFK / Skyss vert teken med inn i planlegginga tidleg i denne prosessen.